

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 4

Advent 2023

Årgang 89 år



«Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.»

LUKAS 2, 9-11

## FUSA sokn Fusa kyrkjecontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: post.fusa@kyrkja.no

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

### Dagleg leiar/Fung. kyrkjeverje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

### Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26

Hildegunn Myrlid Eide 97 65 01 55

### Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøn 97 71 17 23

### Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

### Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

### Fusa frivilligsentral

Victoria Tverli Dale 92 09 37 16

### Kyrkjeternarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

**FUSA KYRKJEBLAD**  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

**Ansvareleg utgjevar:**  
Fusa sokneråd

**Konto for kyrkjebladet:**

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:  
Fusa kyrkjeblad

**Bladpengar er kr. 250,- pr. år**  
**Utanbygds kr. 350,- pr. år**

**Framsida:**

Tekning av Grethe Tuft Soltvedt,  
Strandvik skule 2007

### REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus

hm629@kyrkja.no

Toril Hjartåker Hauge

th298@kyrkja.no

## Nytt frå Kyrkjecontoret

### Victoria tilbake

Ein foreldrepermisjonsperiode går fort og no er Victoria Tverli Dale tilbake på frivilligsentralen. Siste året har vikar Hildegunn Myrlid Eide styrt Fusa frivilligsentral med stødig hand. Me er alle svært takksame for innsatsen Hildegunn har lagt ned som vikar for Victoria, og ynskjer Victoria velkommen tilbake i stolen på Fusa frivilligsentral!



### Hildegunn tilbake

Hildegunn Myrlid Eide er tilsett som kyrkjelydspedagog i Fusa sokn f.o.m. 1. desember. Hildegunn var Fusa sokn sin første kyrkjelydspedagog/trusopplæringsleiar og hadde den stillinga fram til 2006. No er ho tilbake som kyrkjelydspedagog 17 år etter førre økt! Det er me takksame for Hildegunn kjerner Fusa sokn og arbeidet godt, både som aktiv kyrkjemedlem, som tidlegare medlem i soknerådet, som vikar i frivilligsentralen siste året og altså som tidlegare kyrkjelydspedagog. Ta vel imot Hildegunn i kyrkjelyden!!



### Norunn avsluttar tenesta

Norunn Rød Markhus har vore kyrkjelydspedagog i Fusa sokn sidan 2006. Siste to åra har ho hatt redusert stilling då ho samstundes er prestevikar i Ullensvang. No har Norunn sagt opp stillinga som kyrkjelydspedagog i Fusa sokn, men held fram i ei deltidsstilling i ein overgangsfase fram til sommaren 2024.



## Det er dagar

av Anders Holmefjord

**Det er dagar**  
då livet berre gløder  
og skuggar legg slør  
over gledene

**Det finst kveldar**  
då frosten frå kalde hjarto  
trengjer seg inn og vil tyna  
den siste gneisten

**Då ligg eg på kne**  
ved ein snødekt stein  
og veit at Du  
ikkje har gløymt meg.

**Sjå, snøen smeltar.**

*Frå samlinga Dagar i desember.  
Julevers, Alpha forlag 2020*



# Ei strime av von

Av biskop Ragnhild Jepsen



Ragnhild Jepsen i sno. I år feirar ho si første jul som biskop.

Foto: Jens Z. Meyer, Bjørgvin bispedømekontor

**Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.**

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.



Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskriven Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljós i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba syntet seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den mest løfterike av alle høgtider. Ljuset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.




# Etter kyrkjevalet 2023

Fusa sokneråd, Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet dei neste fire åra



Over 272 000 personar stemte i kyrkjevalet 2023. Kvar tredje veljar førehandssteme digitalt. Foto: Simen Prestaaen / Den norske kyrkja.



Noreg er delt i 11 bispedøme. Bjørgvin bispedøme har same grenser som Vestland fylke. Bjørgvin er saman med Nidaros det eldste bispedømet i Noreg. Det vart først etablert på Selje på 1000-talet, og vart flyttet til Bergen i 1170.

## Fusa sokneråd 01.11.2023-01.11.2027

Til valet på Fusa sokneråd var det berre éi liste: Nominasjonskomitéen si liste. Personrøyster frå veljarane gjorde at rekkjefølgja på kandidatane endra seg noko i høve til den opphavlege lista. Alle som stod på lista, vart enten faste medlemmer eller varamedlemmer.

### Faste medlemmer

1. Sigbjørn Sundfjord f. 1966, konstruktør, Sundfjord
2. Toril Hjartåker Hauge f. 1970, bibliotekmedarbeidar, Nordtveitgrend
3. Lars Erik Dalland f. 1953, pensjonist, Baldersheim
4. Inger-Lise Prestegard f. 1978, tannlege, Strandvik
5. Britt Mari Gjerde f. 1972, lærar, Eikelandssosen
6. Øyvind Nordbø f. 1959, industriarbeidar, Baldersheim
7. Jan Ole Høiby Hansen f. 1968, industriarbeidar, Fusa
8. Hartvig Haugen f. 1956, oppsynsmann, Sævareid

### Varamedlemmer

9. Audny Samnøy Stuen f. 1964, overingeniør, Skjørsand
10. Linda Frøyset f. 1968, lærar, Sævareid
11. Atle Næss f. 1962, rørleggjar, Boga
12. Samson L. Øpstad f. 1953, forskar, Fusa
13. Engel Magne Berge f. 1951, pensjonist, Hålandsdalen

## Bjørgvin bispedømeråd 2024-27

Til valet på Bjørgvin bispedømeråd låg det føre fire lister: Bønnelista, Frimodig kyrkje, Nominasjonskomitéen si liste og Open folkekirkje. Slik ser vårt nye bispedømeråd ut etter valet:

- Oddny Irene Miljeteig, f. 1954, pensjonist (Open folkekirkje)
- Turid Fjose, f. 1969, lege (Nominasjonskomiteens liste)
- Per Hilleren, f. 1959, bonde (Frimodig kyrkje)
- Karl Johan Kirkebø, f. 1950, pensjonist (Open folkekirkje)
- Dag Sele, f. 1964, lege (Nominasjonskomiteens liste)
- Sigurd Grindheim, f. 1968, professor (Bønnelista)
- Live Bakke Nydal, f. 2004, student (Open folkekirkje)
- Kjersti Gautestad Norheim, f. 1974, sokneprest, Birkeland (prest)
- Rita Eldholm, f. 1972, soknediakon, Åsane (lek kirkelig tilsett)
- Ragnhild Jepsen, f. 1969 (biskop)



## Kyrkjemøtet 2024-27

Kyrkjemøtet er Den norske kyrkja sitt øvste demokratiske organ. Det består av medlemmene i alle dei elleve bispedømeråda. Fordelinga av medlemmene på dei fire listene som stilte til årets val, blir slik:

Bønnelista	10 medlemmer
Frimodig kyrkje	7 medlemmer
Nominasjonskomitéen si liste	26 medlemmer
Open folkekirkje	34 medlemmer

I tillegg er det valt ein prest og ein lek tilsett i kvart bispedøme. I dei tre nordlegaste bispedøma er det i tillegg tre samiske representantar, og i Oslo er det ein representant frå døvekyrkja. Biskopen i kvart av bispedøma er ikkje er på val, men er medlem i Kyrkjemøtet. Det er også preses, dvs. leiaren i Bispedømet, samt leiaren i Den norske kyrkja sitt ungdomsutval og leiaren i Samisk råd.

Samansetninga mellom dei ulike listene endra seg noko i høve til førre valperiode 2020-23. Då var fordelinga slik: Bønnelista 9 medlemmer, Nominasjonskomitéen si liste 29 medlemmer og Open folkekirkje 39 medlemmer. Den største forskjellen i det nye Kyrkjemøtet er at ei ny liste no er representert: Frimodig kyrkje. Det er for øvrig relativt nytt at ein kan velja mellom ulike lister ved kyrkeval. I 2015 var det berre éi liste til valet for Bjørgvin bispedømeråd, dvs. Nominasjonskomitéen si liste. I 2019 var Open folkekirkje og Bønnelista komne til med eigne lister, og i år stilte altså også Frimodig kyrkje med liste, slik at det var fire lister å velja mellom.

## Valdeltakinga

275 036 medlemmer i Den norske kyrkja nytta seg av røysteretten sin i eitt eller begge vala. Det utgjer 9,07 prosent av dei røysteføre. Nord-Hålogaland bispedøme hadde best oppslutning. Der deltok 11,97 prosent i eitt eller begge vala.

Slik ser tala for valdeltakinga ut for Fusa sokn og Noreg samla, fordelt på vala til Sokneråd og til Bispedømeråd:

	I Fusa sokn		Heile Norge	
	2019	2023	2019	2023
Val til Sokneråd	24 %	13 %	11,8	8,48 %
Val til Bispedømeråd	17 %	6 %	10,6	6,40 %

I valet til sokneråd er det altså noko høgare deltaking i Fusa sokn enn for landet samla; i valet til bispedømeråd ligg me litt lågare enn samla landsprosent.

For fyrste gong kunne ein i 2023 førehandsrøysta digitalt. I Fusa sokn var det 353 personar som røysta ved eitt eller begge vala; 120 av desse, altså vel ein tredjedel, brukte den digitale metoden. Også i Bjørgvin bispedøme og i Noreg samla vart om lag 34% av røystene gjevne digitalt. Det tyder på at mange ynskte eit slikt alternativ velkome.

Eitt av måla med den nye, digitale ordninga var auka valdeltaking. Det målet vart ikkje nådd. I alle bispedøma var valdeltakinga lågare i år enn det ho var i 2015 og 2019. Det skuldast nok andre forhold enn tilbodet om digital røysting. Kanskje hadde oppslutnaden om valet vore endå lågare dersom det digitale alternativet ikkje fanst. Me har ikkje registrert misnøye eller ulepper med den alternative måten av førehandsrøysta på, så sannsynlegvis er det digitale tilbodet kome for å bli. Digital røystegjeving sparar sokna for ein god del administrativt arbeid, og også økonomisk er det noko å henta. I år sparte kyrkje t.d. 20 millionar kroner på å la vera å senda ut fysiske valkort.

Resultatet frå årets val er nyttig informasjon når Kyrkjearådet, som legg til rette for gjennomføring av valet, skal evaluera og vidareutvikla kyrkevala. Målet er at alle som vil, skal få delta i valet.

Tekst: Toril Hjartåker Hauge og Hans Einar Markhus.

Kjelder: kirken.no og Et demokrati i endring. En analyse av kirkevalget 2019. KIFO Rapport 2020:2.



# Bedehus – bakgrunn og Betania 1892

Tekst:Astrid Heidal

**Når ein kører gjennom Os og Fusa, og mange stader elles på Vestlandet, kan ein sjå eit lite forsamlingshus ved vegen. Mange av husa er kvite og ber preg av høg alder. På taket eller over døra er ein kross. Det er bedehuset. Kva er bakrunnen for at bedehus er blitt reist i annakvar bygd? Kva var det som gjorde trøngene for bedehus så stor?**

## Fridom

Året er 1796: 25-åringen Hans heldt på med vårarbeidet heime på garden. Lett til sinns gjekk han og nynna på ein salme han var så glad i. Brått stokk han til. Det var uråd å forklara kva som hende, men han fortel: - Eg vart fylt av ein inderleg kjærleik til Gud og til menneske, og fekk ein sterk trøng til å bli betre kjend med Jesus.

Sogeskrivarar hevdar at lekmannsrørslene som gjekk over landet frå midten av 1800-talet og framover, har røter attende til Hans Nielsen Hauge (1770-1824). Hans arbeid som forretningsmann og forkynnar utløyste personleg frigjering både i borgarsamfunn og i gudsliv. Frigjering var ein trend i tida.

Tilhengjarane hans, haugianarane, vart eit bindeledd mellom 18- og 1900-talet. Arbeidet deira opna for at folk utan presteutdanning, men med kall frå Gud, kunne forkynna Guds Ord. Men frigjeringa frå prestearbeidet vart langt frå problemfri. Konfliktane hadde rot i den såkalla konventikkelpakten av 1741, som forbudt offentlege religiøse samlingar utan prestetilsyn og godkjenning.



«Parti frå Eikelandsosen», tidleg på 1900-talet. Det lave, kvite huset med tre vindauge heilt til høgre er bedehuset Betania. Det store sveiserturhuset tilhørde fotograf og telefonstyrar Ole O. Samnøen som hyste rikstelefondasjen.

Foto: Ole O. Samnøen. Kjelde: Lokalhistorisk arkiv, Bjørnafjorden.

Men Hauge og hans medarbeidarar gjekk kring i landet og tala Guds ord med folk. Mange prestar skjøna ikkje at Hauge gjekk på eit kall frå Gud. Han vart sett i fengsel mange gonger for forkynninga si.

## Vekking, vårvêr og vekst

I siste halvdel av 1800-talet og langt fram mot vår tid gjekk vekkingar over heile landet. Fornya kristentru og engasjement førte til at landsomfattande og lokale misjonsorganisasjonar vart skipa.

Det Norske Misjonsselskap vart stifta så tidleg som i 1842. Indremisjonssamskipnaden, som omfattar Sunnhordland, Hardanger og Voss, vart skipa i 1864. Den Norske Sjømannsmisjon kom same året. Santalmisjonen vart stifta 1867, og Kinamisjonen (no Norsk Lutherisk Misjonssamband) kom i 1891. Det Vestlandske Indremisjonsforbund feira hundreårsjubileum hausten 1998.

## Verksemrd treng hus

Indremisjonssamskipnaden var det første indremisjonslaget som sende faste arbeidarar kring i bygdene våre. Ny glød og iver etter å vera tenarar i Guds rike, på heimebane og «til jordens ender», spreidde seg. Misjonsforeiningar som knytte seg til organisasjonane, vokste fram i hopetal. Dugnadssånda var enorm. Trøng for hus til større forsamlingsar enn dei ei stove kunne romma, melde seg, og tanke vart handling. Folk hadde stor offervilje. Bønder fór på skogen etter tømmer. Byråkratiet var ikkje fødd, og nye bedehus reiste seg i bygdene.

Frå Helland og Austestad, ja, heilt frå Kilen støtta folk tanken om å byggja bedehus i Eikelandsosen. Dei gav dugnadstimar, materialar og pengar til huset, og det stod ferdig i 1892. Tiltaket hadde brei støtte i folket. Gåvene kom frå alle kantar. Dei som hadde skog, gav trematerialar. Byggjekostnadene er bokført til kroner 1139,16, truleg utanom frivillige dagsverk og trematerialar.



Altartavla frå Betania bedehus flytta over i det nye bedehuset i Eikelandsosen då det tok over verksemda i 1990.

Foto: Toril Hjartåker Hauge



Den 21. mars 1892, før huset vart bygt, vart lovene for huset vedtekne og underskrivne av John L. Austestad og Hans Olai Rød. Inspiret av bibelforteljingane fekk mange av bedehusa i Noreg namn etter stader i «Det Lovede Land», og dette i Eikelandsosen vart kalla Betania.

### Prest

Våren 1890 kom ein ny sokneprest til Fusa, Johan Henrik Rathman Marstrander. Han vart verande i 30 år. Han verka til eit gledeleg omskifte i tilhøvet mellom misjonsfolk og kyrkja, og fekk inngang hos lekfolket. Bedehuslovene for Eikelandsosen bedehus var eit prov på dette. I paragraf fire heitte det: «Oppbyggelse eller andre møte må i regelen ikkje haldast på den tida om søndagen då det er gudstene i Fusa eller Hålandsdalen.» At soknepresten skulle vera sjølvskriven medlem i bedehusstyret, var nedteikna i paragraf fem.

Skøytepapira på tomta vart i orden fyrst elleve år seinare, då Gitle Ragnhildstveit var formann i styret.

### Predikant

Det vert fortalt at vekkingspredikanten Mons Hårvik sette sinna i kok på Vinnesleiren. Han rodde frå dei oppøste folka på Vinnes til Ola Havsgård på Havsgård og tillyste møte i Eikelandsosen. Men ordet gjekk før mannen. Ein mørk kveld i 1914. då Hårvik stod på talarstolen i bedehuset i Eikelandsosen, fyrtre einkvan tre skot utanfor.

Bedehuset riste under skremsekskota, men møtet heldt fram, og mange sökte Gud. «Då dei rodde heim att til Havsgård om kvelden, var det song og bøn om bord i båten.», refererer bygdesoga.

### Vekst og utviding

Både i tider med gjennomgripande vekkingar og i stillare bolkar dette hundreåret, har bedehuset vore ein viktig samlingsstad, i Eikelandsosen som andre stader. Den store møtesøknaden i mellomkrigstida førte til at huset frå 1892 vart for lite. På kort tid, med mange frivillige dagsverk, vart huset påbygd i 1933. Tilbygget, med gang og kjøken, vart vigsla i september det året.

Vekkinga i 1933 og -34 breidde seg over store delar av prestegjeldet. Flokken av misjonsfolk og bønefolk auka mykje. Misjonsforeiningar og aktiv møteverksemid fylgde i vekkingane sine spor. Misjonsorganisasjonane dreiv foreiningar for born, unge og voksen. Foreiningane har gjennom åra samla inn store pengesummar til misjonsarbeid i inn- og utland. Prestefrua Elisabeth Marstrander var ein pådrivar for søndagsskulearbeidet, og fekk Mette Austestad til å ta opp dette arbeidet i Eikelandsosen.

### Fakta om Betania bedehus i Eikelandsosen

Eigar: Indremisjonsforeningen

Byggår: 1892. Påbygd 1933.

I bruk fram til desember 1989

Byggjekostnad: 1139,16 kr.

Sitjeplassar etter påbygginga: 100

Teksten har tidlegare vore på trykk i Os og Fusaposten som to artiklar 27.01. og 03.02.1999. Her er tekstane noko avkorta og redigert.

Kjelder: O.B.Skaathun. Soga for Fusa, Hålandsdalen og Strandvik, bind 1 (1961). Alfred Hamre. Haugiansk Frukt i en ny tid. Johannes Kleppa og Alf Henry Rasmussen, Reise i bedehusland. Bedehusene i Hordaland (2001).



Neset i Eikelandsosen 1. september 1950 med Bjellandsfabrikken midt i bildet og arbeidarbustaden bakanfor med det påbygde bedehuset Betania t.v. for seg. T.v. for fabrikken ligg butikken til Brødrene Eikeland frå 1919, ei vidareføring av Eikeland handel frå 1889. T.h. skimtar me taket på Osebakken Handel frå 1889. På kaien t.h. for butikken ligg bua til Sverke Osebakken med postkontoret og dampskipsekspedisjonen, som han styrde.

Foto: Wiederøe Fjellanger. Kjelde: Lokalhistorisk arkiv, Bjørnafjorden.



# Ein søndagsskulelærar

Tekst:Toril Hjartåker Hauge

Mitt første bedehus var det gamle Betania bedehus på Neset i Eikelandsosen. Søndagsskulen heldt til der, og eg minnast det som knøttlite, kanskje fordi det alltid var så fullt. Både vaksne og barn var med på søndagskulen – i mitt minne. På veggen bak talarstolen hang eit bilde av ei indisk jente som me samla inn pengar til, så ho kunne gå på skule. På talarstolen stod Sverre Eikeland. I Fjorden var han kjent som handelsmann, som ein av *Brødrene Eikeland*, men for meg var han mest kjent som eigar av huset som me budde i på den tida, det høgreiste, staselege huset som stod like ovanfor bedehuset.

På 70-talet var Sverre ein av soknets mange søndagskulelærarar. Søndagsskulelærarar skil seg frå andre lærarar på eitt sentralt punkt: Dei går aldri ut i streik. Bortsett frå det er dei mykje som lærarar flest, og har vanskar med å leggja kallet sitt frå seg. Titt og ofte tar dei jobben med seg heim eller pakkar han med seg ut på søndagstur. Difor er mitt klaraste minne om søndagsskulelærar Sverre ikkje frå Betania bedehus, men frå kjerrevegen inn mot den nedlagde Viking margarinfabrikk ved Koldalsfossen.

Sverre hadde tatt søstera mi, meg og den eine dottera

si med på spasertur innover der. Det kan godt henda me gjekk side om side, vegen er brei nok til det, men i minnet mitt går me i gåsegang: Sverre først, deretter jentene etter alder, det vil seia eg sist, glad og trygg. Det var ei så lykkeleg stemning at eg hugsar oss med kjole på – alle bortsett frå Sverre -, sjølv om me ganske sikkert gjekk i buksar som me mest alltid gjorde. Og eg minnast Sverre med skinande kvitt hår, endå han sikkert ikkje var begynt å mista farge i så ung alder. Sverre song: «Ja, nå vet jeg hva jeg vil, jeg vil følge Jesus. La meg si det én gang til: Jeg vil følge Jesus. Ingenting å lure på, for jeg har bestemt meg nå: Jeg vil følge Jesus, jeg vil følge Jesus.»

Eg skal ikkje påstå at eg som fire-åring visste kva eit manifest var, men songen vekte det alvoret i meg som gjerne munnar ut i slike høgtidlege programerklæringar, og eg hermde med, noko nølande, for: Ville eg greia å halda det eg lovde her? I Sverre si røyst høyrdet det såre enkelt og overkomeleg ut: «*Ingenting å lure på*», men var det så enkelt? Innover mot fabrikken la eg likevel meir og meir trøkk i mi eiga stemme, sjølv om det strengt tatt var Sverre Eikeland eg hadde bestemt meg for å følgja her. Det med Jesus fekk me sjå på etter kvart. *Han* måtte eg fyrst bli betre kjent med.



Dersom du vil vita meir, ....

I fjar kom det ut ei særskindig og velskriven bok om Hans Nielsen Hauge (1771-1824), hans tid og hans tilhengjarar:

Trygve Riiser Gunderson. *Haugianerne*.  
Cappelen Damm 2022.

Den lar oss koma djupt inn lekmannsrørsla heilt frå ho begynte å spira på slutten av 1700-talet, trass i konventikkelpakaten som forbaud lekfolk å halda gudelege forsamlingar utan geistleg godkjenning.

I 1842 vart konventikkelpakaten fjerna, og lekmanns-predikantar og bedehus kunne spretta opp på lovleg vis. Hauge sjølv fekk aldri oppleva den fridomen, - han hadde vore død i 18 år-, men det som skal vera Noregs første offisielle bedehus, bygd i 1850 i Skien, fekk med god grunn namnet «Hauges Minde».

Gundersens bok tar oss fram til 1804 då Hauge enno var i live. Det betyr at me enno har mykje godt og spennande i vente: Bind 2 er sikkert ikkje langt unna.

Toril Hjartåker Hauge





## Bedehus-historier

Dei åtte bedehusa i Fusa sokn har romma eit vidt spekter av aktivitetar, personar og gjenstandar. Me i kyrkjebladredaksjonen ynskjer å få vist fram denne breidda. Til det treng me hjelp.

### **Har du minne frå bedehusa, kunnskap eller tankar om dei?**

Det kan vera små forteljingar, glimt frå fjerne eller nære episodar, bilde eller faktaopplysningar om bygging, drift, dugnader, utsmykking og folkeliv i og rundt husa.

Om du ikkje vil skriva sjølv, fortel du munnleg til oss.

Kontakt Hans Einar Markhus 95 93 65 80, [hm629@kyrkja.no](mailto:hm629@kyrkja.no)  
eller Toril Hjartåker Hauge 93 81 92 73, [th298@kyrkja.no](mailto:th298@kyrkja.no)

**Me ser fram til å høyra ifrå deg!**



Foto: Lokalhistorisk arkiv Bjørnafjorden, Eikelandsosen bedehus Facebook, Foer bedehus Facebook, Kleppa, Johannes og Rasmussen, Alf Henry. *Reise i bedehusland. Bedehusene i Hordland* (Sambåndet forlag A/S 2001).

## Fusakalenderen

Fusakalenderen 2024 er komen for sal! Temaet denne gongen er «Morgonstemning». Motivet er frå Grunnasundet mot Lygrepollen, og biletet er teke av Sigbjørn Sundfjord. Det var 51 flotte bidrag i år! Takk til alle innsendarar, og takk til juryen.

Veka før advent vil konfirmantane i Fusa sokn kome rundt på alle husstandar for å selje kalenderen. Ta godt imot dei! Kalenderen får du òg m.a. kjøpt på kyrkjekontoret og i kyrkjene i tida framover. Den kostar kr. 150 og inntekta går til barne- og ungdomsarbeidet i soknet.

*Sidan vinnarbiletet i år tilfeldigvis er teke av soknerådsleiar Sigbjørn, synest me at det er viktig å presisere litt om juryen sitt arbeid:*

Juryen består av tre fotokyndige fusingar og ingen av dei er tilsette i kyrkja eller har andre verv i soknet. Juryen får ikkje vite namn på noko av insendarane, og bileta dei får oversendt er anonymiserte. Juryen arbeider saman og plukkar ut biletet ut frå fototekniske kriterium og om motivet stemmer med temaet. I år hadde dei plukka ut biletet nummer 14-3, som viste seg å vere innsendt av Sigbjørn Sundfjord. Gratulerer til han!

-Hans Einar Markhus



# TORBJØRN OG ROMARBREVET

**Torbjørn Øygard fylte 56 år laurdag 7.oktober. Dagen valde han å feira på ein temmeleg original måte: Han opna Eikelandssosen bedehus, og til stor glede for alle som tok imot invitasjonen, framførte han Paulus sitt brev til romarane – utanåt!**

I etterkant bad Kyrkjebladet han fortelja om idéen, øvinga og framføringa. Slik skildrar han det heile:

## Tanken / idéen:

Hugsa Svein Tindberg som framførte Markus-evangeliet som 42-åring rundt 1995, og Apostelgjerningane år 2000. Vart fascinert av det, og kanskje påverka. I alle fall då eg var ca. 38 år (ca. 18 år sidan), måtte eg ein periode vogge ein av ungane i sovn. Då brukte eg litt av voggestundene til å prøve å lære «Oppstandelses-kapittelet», dvs. 1.Kor.15 utanåt. Lærte eit vers eller fleire kvar gong mens eg sat / halv-vegs låg på senga og vogga med foten. Etter ei tid kunne eg heile kapittelet, og litt av kap.16. Merka det var kjekt, og læringa var både kjekk og ganske lett.

Ca. 10 år seinare var eg med på nokre samlingar der vi fjerde-kvar veke gjekk gjennom eit kapittel i Romarbrevet. Brevet har 16 kapittel, og frå kap. 8 begynte eg å lære utanåt kapittelet for kvar samling. Så då lærte eg frå kap. 8 til ca. kap. 14, som er nesten halvparten av brevet. Seinare fortsette eg å lære meir og vur-

derte å framføre på 50-årsdagen, men hadde ikkje lært alt og realiserte ikkje det. Seinare sikta eg meg inn på 56-årsdagen som og var på ein laurdag. Heiv meg på det igjen, spesielt no i haust, nokre små stunder no og då, lærte resten, friska opp igjen, og annonserte min 56-årsdag på Bedehuset med framføring av Romarbrevet open for alle. Tenkte at ei slik framføring vekkjer meir interesse enn å annonsere ei rein opplesing av Romarbrevet.

Eg høyrd for lenge sidan uttalt at i 40-åra merkar ein at det blir tyngre å lære, pugge, ..osv. Litt kjekt å teste det der, og har vel eigentleg ikkje lagt merke til at slik utanåt-læring er blitt vanskelegare no. Så lurer litt på om den læringsevne-nedgangen kanskje kan vere «opp-skrytt».

## Øvinga:

Læringa / pugginga av Romarbrevet har stort sett vore vers for vers, kapittel for kapittel. I byrjinga lærte eg ca. eitt nytt vers eller to ved frukost, og repeterte litt på sykkel-veg til jobb. Seinare har det blitt litt ymse stunder. Ved for eks. ein biltur åleine hende det eg pløgde gjennom eitt eller fleire kapittel utanåt, for å bli litt støare.

Etter framføringa var det ein som spurde om eg brukte nokon teknikk. Det gjer eg nokre gonger, berre slike metodar eg kjem på i farten. Stort sett berre lærer eg ved å hugse innhaldet i teksten på same måte som vi lærer andre ting. Vi kan vel vårt Fadervår, nasjonalsongen,

andre songar og låtar, ord og uttrykk, julesongar osv. I den grad vi kan sjå det for oss litt visuelt så er vel det også ei hugse-hjelp, som for eks. Alf Prøysens: «Nå har vi vaska golvet..». Men i Romarbrevet er der bl.a. rekker med uttrykk og lister med namn og helsingar, og eg kjem gjerne på ein «teknikk» for anledninga, ein måte å få kontroll på, til dømes i kap.8. v.35 der det er sju uttrykk etter kvarandre. Då valde eg å sjå for meg ein liten runde i huset, ut døra og eit stykke bortover vegen, og plasserte uttrykka i rett rekkefølge til logiske punkt bortover, og evt. diktar ei enkel hending på staden som passar til uttrykket. Kunne gått meir i detalj på det, eigentleg heilt enkelt. For å forenkle læringa av kap.1 v.29-31 «plasserer» eg meg på eit kjent område ute, snur meg rundt og ser dei forskjellige uttrykka/hendingane i rekkefølge. Brukar berre ei lita stund på å lage den turen eller runden, tar berre det første eg kjem på. Brukar andre småtriks enkelte stader. I kap.12.v.33 lagra eg RVK for å ikkje byte om uttrykka «... rikdom og visdom og kunnskap ... ». Slike metodar kan også hjelpe til å hugse litt lenger. Viss ein kan eit kapittel på rams, så sit det uansett gjerne i fleire månader.

Ein anna ting eg har gjort, er å fotografere med mobilen alle 19 sidene. Då kan eg ta det fram ei ledig stund – utan nett-dekning. Eg får og bruke dei same bok-sidene som heime. Dermed veit eg alltid kva side eg er på, og kvar på sida. Dette trur eg kan vere ein visuell fordel



Torbjørn på tre ulike stadium i Romarbrevet. Foto: Privat

som kan gje ei viss hjelp i læringa. Miner litt om nytten av geografi når vi fortel vår utdannings- og jobbhistorie.

#### Framføringa:

Det var kjekt å framføre for DET flotte og store publikumet som kom på Bedehuset laurdag 7. oktober. Det var viktig for meg at forordet eg skreiv for anledninga vart opplese for publikum. Eg nemnde bl.a. følgjande: At enkelt-personar kan føle seg dømt og peika på både tidleg og lenger ute i brevet, men at det blir snart klargjort at vi alle «står utan ære for Gud». Vi menneske kan kanskje måle oss mot kvarandre og hamne ein eller annan plass mellom golv og tak, alt etter kva sak det gjeld... Men som ein eg kjenner sa: «Kva hjelper det om vår rettferd er ved golvet eller i taket, når Guds standard er oppe på mānen».

Romarbrevet lærer at det er Jesus si perfekte rettferd som må tilrekna oss for at Gud skal vere fornøgd med oss. På

same vis vart vår urettferd tilrekna Han på korset.

Versjonen er «Norsk Bibel -94 utgåva nynorsk».

Framføringa var litt skummel heilt i byrjinga når eg stussa på noko eg faktisk kunne på rams. Problemet var vel at eg ikkje hadde hatt noko generalprøve eller særleg formidlings-øving, men berre så vidt lert alt. Tenkte å formidle det massive innhaldet litt roleg, men mista først litt kontroll, som sykling i liten fart. Men det gjekk seg greitt til, trur eg, og vidare vart det ei veldig kjekk oppleving å framføre. Publikum var veldig med heile vegen og det vart lettare, kjekkare og etter kvart lystigare å formidle enn venta. Gebursdags-songar og fine song-innslag innimellom, god-ord i og etter samlinga var og med å gjere dette til ein uforgløy-meleg dag for min del. Mange takk til alle som kom! Har fått hint om å gjere dette andre stader også, og repeterer / terpar litt for å bevare og forbetra.

#### Yndlingsvers:

Mange vers i Bibelen som kan bli favoritar alt etter tid og situasjon. Men kanskje vers 23-24 i det «utrulege» kapittel 3 er det som oppsummerer mykje av Romarbrevet best:

*«For det er ingen skilnad, alle har synda og står utan ære for Gud. Og dei vert rettferdigjorde ufortent av hans nåde ved utloysinga i Kristus Jesus.»*

Og Bibelen er soleklart mi yndlingsbok, med verdshistoria skriven på forhånd, og ord av Jesus (for eks. i Matt.24) som krev moderne teknologi for å kunne gå i oppfylling. Dokumentert gammal bok, treffsikker langt over det menneskelege. Og med eit evangelium som ikkje liknar nokon religion. Gud steig ned i staden for at vi måtte nå opp. Veldig kjekt å framføre noko eg trur er Guds Ord til oss.

Torbjørn Øygard.



## Jul i Bruktbuo

Det har vore mange frivillige i aksjon på Bruktbuo. Ta ein tur innom. Her er det julestemning! Alt frå moderne til nostalgisk julepynt. Hos oss kan du også få julehandelen unnagiort. Det er fleire som i år ynskjer seg gāve frå bruktbutikk. Fin miljømessig gevinst. Skattane er mange! Det er gāvekort, etiopisk kaffi, heimastrikka sokkar/vottar og fine handlenett.

Smart for lommeboka – godt for miljøet!



### TYSDAGSKLUBB

Andre tysdag i månaden er det handarbeidstreff/tysdagsklubb i Bruktuo mellom kl. 11-13. Neste gong er 12. desember. Dette er for alle interesserte. Ta med deg handarbeid og 10 kroner til kaffien.

**Velkommen til ei sosial stund!**



# Alternative julegåver som varer lenge og gler mange!

Jula er ei tid for gåver, og Fusa sokn har mange gode prosjekt og føremål på gang. Du er velkommen til å gje ei pengegåve til eitt eller fleire av desse, eller kjøpa eitt av produkta nedanfor og støtta arbeidet på den måten.




## Fusakalenderen 2024

Du kan kjøpe Fusakalenderen på kyrkjekontoret. Pris kr.150,-  
Alle inntekter går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Tema for 2024 er «*Morgenstemning*»

Bildet i år er frå Grunnasundet, Lygrepollen

Fotograf er Sigbjørn Sundfjord



## «Dine namn er som diamantar, Gud!»

Tekst av Ove-Kjell Sakseid, illustrasjoner av Oline og Norunn Rød Markhus  
Visste du at der er minst 150 namn på Gud i Bibelen? Boka kan sjølv sagt lesast frå perm til perm, men den kan også vere som ei oppslagsbok. 115 namn på Gud er omtala i boka, og i alfabetisk rekkefølgje. Boka er illustrert med meir enn 100 teikningar som Oline og Norunn Rød Markhus har laga. Namnet på boka er «*Dine namn er som diamantar, Gud*». Forfattaren, Ove-Kjell Sakseid, er busett i Norheimsund. Pris: kr.250,- pr bok. Forfattaren ønskjer at kr.100,- skal gå til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Boka får du kjøpt på kyrkjekontoret.



## Barne- og ungdomsarbeidet i Fusa sokn

Når du støttar dette arbeidet, er du med på å bidra til at me får eit godt konfirmantopplegg og eit trusopplæringstilbod til alle aldersgrupper. Dette omfattar til dømes dåphelsingar på eitt- og to-års dåpsdag, julekalenderbok til 3-åringar, bibelbok til 4-åringar, kors-smykke til 5-åringar, dåpsskule-tilbod til 6-åringar, Tårnagentdag for 7- og 8-åringar, Misjonstivoli for 9- og 10-åringar, LysVåken-helg for 11- og 12-åringar, Songbuketten, Klubben, friluftsklubben Noah og SoulChildren.



## Elevstipend til Tabor Evangelical College i Etiopia

Fusa sokn sitt misjonsprosjekt er elevstipend til studentar ved Tabor Evangelical College i Etiopia. Tabor er Mekane Yesus-kyrkja i Etiopia sin utdanningsinstitusjon der ein utdanner evangelistar og prestar til teneste i sin lokale kyrkjelyd rundt omkring i heile Etiopia. Desse kjem ofte frå fattige kår, og lokalkyrkjelydane har gjerne ikkje råd til å betale skulepengar og opphold sjølv om dei sårt treng prestar og evangelistar i ei raskt veksande kyrkje. Dette hjelper me dei med!

Du kan gje til alt dette ved å bruke

Fusa sokn sin **VIPPS nr. 90436** eller bruke **konto nr. 3530.25.86215**.

Merk kva gåva skal gå til!



# JULEGÅVE TIL BRANNSKADDE BARN I ETIOPIA

Fusa sokn har dei siste 10 åra vore ein viktig støttespelar til organisasjonen **Children Burn & Wound Care Foundation (CBWCF)**. Dette er doktor Einar Eriksen og hans medhjelparar sitt arbeid med brannskadde barn i Etiopia. Fusa sokn støttar dette diakonale arbeidet gjennom Bruktbua og engasjementet der, gjennom misjonsløpet «Walk and Run», og gjennom andre innsamlingar gjennom året. Pengane går i all hovudsak til operasjon av barn, og dessutan til opplæring av lokalt helsepersonel.

## Det nyttar å hjelpe! Takk til alle som har gitt gåver før!

Mange barn og ungdom i Etiopia har fått hjelp frå innsamla midlar i Fusa sokn. Soknet har arrangert fleire turar til Etiopia og sett arbeidet – me ser at pengane kjem fram, og at det nyttar! Vi rettar ein ny takk til alle som har gitt gåve. Her er bilete av nokre av dei som har fått hjelp av innsamla midlar etter Walk and Run 2022



**Bobasa, 2 år gammal gut**

Han fekk kokande vatn på mesteparten av høgre arm. Vart operert, og det vart eit topp resultat!



**Duretti, 8 år gammal jente**, brannskade i venstre arm frå tidleg barneår. Ho har ikkje fått starte på skule pga sitt handikap. Det var ein relativt komplisert operasjon. Ho har hatt to operasjonar, og treng framleis ein eller to operasjonar til for å få retta ut fingrane. Duretti er på god veg til å få den hjelpa ho treng.



**Bekadu, 16 år gammal tenåringsjente**. Under eit epileptisk anfall skada ho seg over elden, og pådrog seg ein djup brannskade over venstre handrygg og fingre. To av fingrane måtte amputerast. Bekadu vert følgt opp med god handterapi etter operasjonen for å gjenvinne så god funksjon i handa som mogleg.

**Du kan gje gåve til Fusa sokneråd sin konto 3530 25 86215, og merka med «Brannskadde barn».**

Kyrkjekontoret og Bruktbua sel dessutan **gåvekort** der inntektene går til dette flotte og viktige arbeidet. Du bestemmer sjølv prisen på gåvekortet du vil gje, men minimum er kr.100,- pr kort.

## Innsamling gjennom heile 2024

Gåvene som kjem inn frå no av og gjennom heile 2024 vil heilt og halde gå til Children Burn & Wound Care Foundation, der dr Einar Eriksen, som har vore mange gongar hos oss, er fagleg leiar. Vi vonar at mange vil bidra slik at vi kan hjelpe mange born og unge også det komande året og åra.

**Høgdepunktet for innsamlinga framover vert eit nytt Walk and Run-løp i Eikelandsosen 1. juni 2024.**

Merk deg datoën alt no!

Vi minner også om Bruktbuo sitt flotte arbeid der 50% av inntektene går til å hjelpe brannskadde barn. Og hugs at alle gåver - små og store – er eit viktig bidrag til å gje eit nytt barn eller ein ungdom ein avgjerande og ny start i livet!

Les gjerne meir på Children Burn & Wound Care Foundation på nettsida [www.childrensburncare.com](http://www.childrensburncare.com)

Fusa sokneråd



# Jule- og adventskonstertar i kyrkjene våre


**Fredag 1. desember kl. 19.00**

Tradisjonell julekonsert i Hålandsdal kyrkje med

- Fusa Soul Children
- Litt av kvart - kvartett frå Oma
- Bjørnefjorden Jazzensemble
- Njål Vindenes, kjend og anerkjend klassisk gitarist,  
- med elev Erik Aadland
- Mariann Andersen med Dag på piano
- Allsong
- Gode ord

Kollekt til Kirkens Nødhjelp

Arrangør: Bygdautvalet i Hålandsdalen og  
Fusa Sokn. Sponsa av næringslivet



**Laurdag 9. des. kl. 19.00**

Julekonsert i Hålandsdal kyrkje med det lokale ensemblet «Walking Fields».

Billettar på [www.walkingfields.no](http://www.walkingfields.no) og i døra.

**Søndag 10. des. kl. 19.00**

Julekonsert i Strandvik kyrkje med det lokale ensemblet «Walking Fields».

Billettar på [www.walkingfields.no](http://www.walkingfields.no) og i døra.

**Fredag 15. des. kl. 19.00**

Tradisjonell julekonsert i Strandvik kyrkje med lokale aktørar.

Kollekt til Kirkens Nødhjelp.

**Søndag 17. des. kl 16:30**

Tradisjonen tru blir det «Ni skriftlesingar og julesongar»

i Fusa kyrkje denne ettermiddagen 3. søndag i advent.

Kollekt til Ungdom i Oppdrag v/utsendingane Lobaugh.



# Frå Kyrkjebøkene



## Dåp

### Holdhus gamle kyrkje

29.07.2023 Olai Kristian Søvig Tombre

### Strandvik kyrkje

30.07.2023 Annie Boge

03.09.2023 Julie Austestad

03.09.2023 Henrik Skjelbreid

08.10.2023 Saga Emilie Svendsen

### Fusa kyrkje

20.08.2023 Aksel Korcsmár Håvik

01.10.2023 Emily Alm

01.10.2023 Jacob Levi Samuelsson Heffernan

### Hålandsdal kyrkje

27.08.2023 Gabriel Tombre

29.10.2023 Cornelia Trengereid Orra



## Gravferd

### Fusa kyrkje

09.08.2023 Geir Fammestad, f. 02.01.1950

27.09.2023 Alf Øpstad, f. 05.04.1960

06.10.2023 Geir Austestad, f. 12.04.1950

18.10.2023 Øyvind Ivar Gjernes, f. 28.06.1947

### Strandvik kyrkje

17.08.2023 Arvid Nybrot, f. 24.11.1942

13.09.2023 Esther Agate Legland Mala, f. 17.12.1937

### Sundvor kyrkje

18.08.2023 Gerda Solstad, f. 17.04.1946

### Sævareid kapell

29.09.2023 Hans Hageberg, f. 03.08.1937

### Hålandsdal kyrkje

19.10.2023 Ingegerd Marie Eide, f. 15.06.1946



## Vigde

### Fusa kyrkjekontor

26.08.2023 Linda-Beate Nordbø og Jan Egil Rosvoll

### Hålandsdal kyrkje

28.07.2023 Siri Johannesson Reime og Arne Nyhamn

19.08.2023 Allison Lauren Bornstein og Håvard Molde

14.10.2023 Elisabeth Vinje Nydal og Bjarte Samnøy



### Døgntelefon

**56 57 49 50**

Jorunn Moberg

Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette  
for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve.  
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

## DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

## Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og  
gjer førehandspris

Ring 406 11 817

Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse



Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspiele
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis proverpakke,  
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no  
<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

**BYGGMASTER**



**SVENN C. STORUM**

951 56 327 storum@fusi.no



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

## L. HJERTNES AS



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend  
Tlf.: 96 92 46 50  
post@lhjertnes.no  
[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)



**P. H. Haugen  
Landhandel - Sævareid  
tlf. 56583110**

e-post:  
[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa Ferdigbetong as**  
5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)

**ah MALERMESTER  
ALF HJELLE & SØNN AS**

Utfører alt i maler- og golvbeleggbarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE  
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880  
E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)

**SPAR**

**Fusa**

Man-fre **07-21**

Lørdag **09-20**

**Tlf. 56582133**  
[spar.fusa@spar.no](mailto:spar.fusa@spar.no)

**Velkommen til hyggelig  
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

**BERGE ELEKTRONIKK**  
Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**Eide**

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS  
# 5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no  
# 56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592

**Norheimsund**  
TRYKKERI AS

**Tlf. 45 85 32 46**  
[post@nhstrykk.no](mailto:post@nhstrykk.no)  
Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund  
Grafisk design og trykkeri

**FUSA AUTO A/S**  
BILVERKSTAD



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
Tlf. 56 58 22 86  
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



[www.meca.no](http://www.meca.no)

**MECA**

**BYGGADMINISTRASJON  
Harald Bjørndal a.s.**  
PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
Tlf. privat: 56 58 51 19  
Telefax: 56 58 11 99  
Mobil: 970 63 526  
E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN



# BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandsoen@bunnpris.no



STRANDVIK

MAN-FREDAG 08.00 - 20.00  
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12



## Tombre

[www.tombre.no](http://www.tombre.no)

REISENE BESTILLER  
VI HOS:

## TRAVELNET, OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook



## Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR  
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40  
[post@tonnegarden.no](mailto:post@tonnegarden.no) - [www.tønnegarden.no](http://www.tønnegarden.no)

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale



Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og  
Samnanger  
GRAVFERDSBYRÅ  
OMSORG VED LIVETS SLUTT  
DØGNÅPEN TELEFON  
56 58 15 09  
  
SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLØMSTER, FRAKTFRIKT TIL VARE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLØMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05



## Hordaland A/S Rørteknikk



56 58 09 90 [hordalandrorteknikk.no](http://hordalandrorteknikk.no)

post@hrt.as Holsundvegen 285  
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk  
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besök vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør

## Stroyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN  
Tlf. 56 58 00 20

Vi er til hjelpe  
for deg og de  
nærmeste i tiden  
etter at en nær  
slektning eller  
venn har  
gått bort.  
Du skal vite at  
du kan kontakte  
oss når som helst,  
dag eller natt. Vi  
har alltid tid til å  
hjelpe deg!

En verdig og  
trygg avskjed

BJØRNAFJORDEN  
GRAVFERDS-HJELP

Amfi Os (ing. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00  
E-post [post@bjornafjordengravferdshjelp.no](mailto:post@bjornafjordengravferdshjelp.no)

## SPAR

### Eikelandsosen

Opningstid 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56 58 00 90



leiglandbygg.no  
LB  
5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79


E-post: [post@leiglandbygg.no](mailto:post@leiglandbygg.no)  
[www.leiglandbygg.no](http://www.leiglandbygg.no)



# BARNAS

## Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



## Vits

– Kan eg få ein hund til jul, pappa?  
– Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

## Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesusbarnet.




Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

## Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta fra bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



# Gudstenester i Fusa sokn

26.11.2023 – 01.04.2024

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
26.11.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Kristi kongedag
26.11.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Kristi kongedag
03.12.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	1. søndag i advent
10.12.	11:00	Eikelandssosen bedehus	Familiemix	2. søndag i advent
17.12.	16:30	Fusa kyrkje	Nine Lessons and Carols	3. søndag i advent
24.12.	11:00	Fusa bu- og beh.senter	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	15:00	Bygdaheimen, Holmefjord	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	16:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	16:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Julaftan
25.12.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Juledag
31.12.	18:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Nyårsaftan
01.01.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Nyårsdag
07.01.	11:00	Eikelandssosen bedehus	Familiemix	Kristi openberringsdag
14.01.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i openberringstida
14.01.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	2. søndag i openberringstida
21.01.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i openberringstida
28.01.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Såmannssøndag
28.01.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Såmannssøndag
04.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Kristi forklæringsdag
04.02.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Kristi forklæringsdag
11.02.	11:00	Eikelandssosen bedehus	Familiemix	Fastelavnssøndag
18.02.	16:30	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	1. søndag i fastetida
25.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i fastetida
03.03.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i fastetida
03.03.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i fastetida
10.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i fastetida
17.03.	11:00	Eikelandssosen bedehus	Familiemix	Maria bodskapsdag
24.03.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Palmesøndag
28.03.	11:00	Fusa bu- og beh. senter	Gudsteneste	Skjærtorsdag
28.03.	19:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Skjærtorsdag
29.03.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Langfredag
30.03.	23:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Påskeaftan
31.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Påskedag
01.04.	12:00	Hafskorvatnet	Friluftsgudsteneste	2. påskedag

Det kan kome endringar i gudstenestelista.



# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandssosen

# S i d a n s i s t

## Hartvig blir takka av



Etter 16 år som tilsett i Fusa sokn, trer Hartvig Haugen av. Under gudstenesta i Sundvor kyrkje 3.september vart han formelt takka av, her ved Harald Geir Sæther, som var kyrkjeverje og dagleg leiar i soknet i storparten av desse 16 åra.

Foto:Toril Hjartåker Hauge

## Barokk, jazz og bruremarsj



22.august heldt Grethe-Inger Berge og Martha Berit Belt ein nydeleg konsert i Hålandsdalens kyrkje. Dei viste kor vidt og variert den kristne bodskapen har inspirert komponistar gjennom tidene.

Foto:Toril Hjartåker Hauge

## Matgåve til jul – Matglede til jul



Hildegunn Myrlid Eide med nokre av fjorårets julemat-gåver. Foto: Os og Fusaposten



Fusa Lions hjelper til

Det vil også i år bli matgåve-innsamling til familiar og enkelt-personar i lokalsamfunnet vårt. I fjar var det heile 35 ulike matkasser som vart delte ut, det viser at behovet er stort!!

### Har du lyst å vere med å glede nokon til jul?

Du kan vippse ein valfri sum til 90436 Fusa sokn (og velg kategori «Matgåve til jul») eller du kan leggi matvarer oppi handlevogna som står ved Spar på Fjord'n senter. Det er også mogleg å setje pengar inn på kontonummer 3530.25.86215. Merk med «matgåve».

**Frist for å gje matgåve er laurdag 16. desember.**



### Kunne duldin familie tenkje deg/dykk ei matgåve til jul?

Me treng inga grunngjeving, det einaste du treng å gjøre er å melde det inn til dagleg leiar på Fusa frivilligsentral. Det kan gjerast på telefon **56 58 01 14**, eller på e-post **Fusa.frivilligsentral@kyrkja.no**.

Tilbodet er tausheitsbelagt, det er ingen andre enn dagleg leiar og eventuelt sokneprest som veit om kven som får matgåver, då det er dei som deler ut matgåvene. Du kan også hente på kontoret til Fusa frivilligsentral i Fjord'n senter.

Arr: Fjord'n senter, Nav Bjørnafjorden, Fusa sokneråd, Lions Club Fusa og Fusa frivilligsentral, Fusa og Eikelandssosen Sanitetsforening og Sparebanken Vest.